

## **Revidering av klimaplaner, utarbeiding av klimagassregnskap og klimabudsjett.**

I regi av Sunnmøre regionråd vart det i 2017 etablert eit nettverk av kommunar på Sunnmøre , kalt Sunnmørskommunenenes klima og energinettverk , i dag består dette av 12 kommunar . Dette er : Fjord , Stranda, Sykkylven, Ørsta, Volda, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein., Hareid , Sula og Giske . Nettverket skal arbeide med å revidere eksisterande klima og energiplanar. Det vart starta eit arbeide med å auke kompetansen for klimaarbeidet i dei forskjellige kommunane med nettverksmøte der ulike fagtema vart belyst av fagpersonar.

Det vart laga mal for planprogram som alle kommunane kunne dra nytte av . Involvering av publikum både ved fysiske møte , klimakonferanse med ungdomsråda på søre Sunnmøre og digital spørje undersøking om kva klimatiltak publikum ville foreslå , som vart formidla via heimesida til kommunane.

Miljødirektoratet har laga ein statistikk som går tilbake til 2009 om utslepp av klimagassar(CO<sub>2</sub>,metan og lystgass) i Noreg , fordelt på 9 sektorar som viser dei direkte utsleppa i kvar sektor innafor innan dei geografiske grensene for fylka og kommunane . Dataleverandørar til klimagassregnskapet for kommunar og fylke er hovudsakelig SSB, Kystverket, Nilu , Nibio og Miljødirektoratet.

Dette gir oss eit godt kunnskapsgrunnlag for å sjå kva sektor ein bør konsentrere seg om for å få ned utsleppa innan ikkje kvote pliktig sektor . Utsleppa i kommunane varierer avhengig av om dei ligg yst på kysten eller lenger inn i landet . Det er i hovudsak 3 store sektorar som dominerar , det er vegtrafikk, sjøfart og jordbruk.

Det finst tilleggsinformasjon på nettsida til Miljødirektoratet.

SSBs analyse har vore ein del av grunnlaget for klimagassregnskapet som Miljødirektoratet har publisert først som betaversjon i 2018, og deretter som endeleg versjon i 2019.


Klimagassregnskapet for kommunar, tilgjengeleg på Miljødirektoratets nettsider, erstattar tidlegare statistikkar frå SSB: SSBs kommuneanalyse og SSBs fylkesfordelte utsleppsstatistikk.

For nokre utsleppskjelder reknar fortsett utsleppa av SSB etter same metodikk som tidlegare, men for mange av utslepps kjeldene nyttas nå andre datakjelder og metodikk enn det som var tilfelle i SSBs kommuneanalyse. Det var også nokre endringar i rekneskapen publisert av Miljødirektoratet som endeleg versjon i 2019, samanlikna med betaversjonen publisert i 2018. Endringane omfatta:


- Utslepp frå Sjøfart, luftfart og snøscooter inkludert (publisert i 2018)
- Ny modell for vegtrafikk (publisert i 2019)
- Ny modell for underkategorien vedfyring (publisert i 2019)
- Klimagass statistikk for sektoren skog og annan arealbruk (publisert i 2019) - Før var utslepp frå industri, olje- og gassutvinning og energiforsyning samla på ei utsleppskjelde. No er utsleppa delt opp i fire utsleppskjelder fordelt på to sektorar,
- Rapportering til Miljødirektoratet og Statsforvaltaren er tatt i bruk som datakjelde for berekning av utslepp frå avløp og biologisk behandling av avfall (biogassanlegg, komposteringsanlegg og hjemmekompostering). Dette gjer det mulig å dele opp utsleppskjelde for å synleg gjere fleire detaljer.

Herøy kommune . Utslepp vist for aktiviteter som skjer innafor kommune grensene.

For Herøy gjeld fylgjande:



Som ein ser er utslipp frå sjøfart dominerande , kva type aktivitet det gjeld visast i neste diagram.




Totalutsleppa frå Herøy kommune utgjør 70431 tonn CO2 ekv. Medan sjøfart utgjør 60354 tonn CO2 ekv. av dette .

Dersom Herøy kommune skal kunne redusere sine utslipp med 55% innan 2030 er dei avhengige av nasjonale tiltak med omsyn til kva drivstoff som blir tilgjenge og utvikling av tekniske løysingar for drift av skip generelt.

Stranda kommune.


Ser ein på utslipp frå Stranda kommune så blir biletet litt endra, her er utslappa i hovudsak fordelt på vegtrafikk, jordbruk og sjøfart . Dersom ein studerer nærmare utslipp frå sjøfart vil ein sjå at dette i stor grad skuldast utslipp frå cruise og ferje trafikk.



Datagrunnlag for åra 2009, 2011 og 2013 mangler. Kategorien '\*Estimat sjøfart' er satt lik som utsleppa i 2015, og reflekterer difor ikkje reelle utslepp.


Totale utslepp for Stranda er på 38954 tonn CO<sub>2</sub> ekv, frå sjøfart 15370 og av dette frå cruise 11510 CO<sub>2</sub> ekv. For Stranda sin del ser vi at utslepp fra cruise trafikken utgjør 75 % av utslepp innan sjøfart. Skal Stranda ha håp om å redusere utsleppa med 55 % innan 2030 er dei og avhengige av offentlege tiltak. No er det vedteke at verdsarvfjorden skal være utsleppsfri frå 2026 og at ferjene skal elektrifiserast innan 2023.

Fjord kommune .



Ser ein elles på utsleppa frå Ørsta, Stranda og Fjord så er det store utslepp knyta til jordbruket. Å få ned utsleppa frå jordbruket blir ei utfordring.

Desse kommunane har i tillegg fått utarbeidd rekneskap for utsleppa frå kommunane som organisasjon og har dermed moglegheit til å sjå kor dei kan kutte sine egne utslepp ved å vedta tiltak.




Her er vist utslepp frå ulike aktivitetar i Fjord kommune, aktiviteten i tidlegare Norddal og Stordal er slått saman.

Basert på tilgjengeleg statistikk har Fjord , Ørsta og Stranda utarbeide klimagassbudsjett med tiltakspakkar innarbeidd i økonomi budsjettet. Dermed kan politikarane kvart år få oppdaterte fakta-opplysningar om korleis kommunane ligg an til å nå dei måla dei har sett seg i sine reviderte klimaplanar.

Basert på desse tiltakspakkane kan ein så rekne seg fram til korleis utsleppsbanane vil endre seg over tid . Her er eksempel på kalkulererte utsleppsbaner basert på foreslåtte lokale og nasjonalt vedtekte tiltak, for Fjord kommune .

Her er vist diagram over utsleppsbanen for Fjord kommune.



Her er eksempel på kalkulerede utslippsbaner basert på foreslåtte lokale og nasjonalt vedtekne tiltak, for Fjord kommune.

Skal Møre og Romsdal bli berekraftsfylket nr 1 må alle kommunane arbeide seg gjennom denne prosessen og gjere vedtak og fylgje dei opp slik at dei blir realisert. Fyrst når klimamåla som Norge har forplikta seg til etter Parisavtalen er oppnådd , kan ein seie seg nøgd.